



Dykkar referanse:

Vår referanse:
23/7800, 24/51847

Arkivkode:
L13

Dato:
12.06.2024

Tunvoll - Høring / offentlig ettersyn

Planutvalet har i møte 04.06.2024 vedtatt å sende forslag til detaljregulering for Tunvoll – 13/35 og 70 mfl., ut på høyring og offentlig ettersyn.

Formålet med planen er å leggje til rette for nye bustadar. Nord i området er det foreslått 2 nye frittliggande einebustadar med moglegheit for ein hybel/ utleigedel i kvart hus. I sør er det lagt opp til 6 bueiningar innafor eitt bygningsvolum (lågblokk) med parkeringskjellar. Uteopphaldsareal skal løysast på balkongar og på bakkeplan rundt bueiningane. Nærleik er foreslått løyst i samband med avsett friområde nordvest i planområdet.

Planforslaget legg også til rette for å løyse fortau langs vestsida av Flisnesvegen. Full opparbeiding inneber justering av Flisnesvegen. Dette er det ikkje krav til i samband med utbygging av planområdet. Utbyggar skal opparbeide ei mellombels løysing, som ikkje krev flytting av køyrebana.

Sjå *Plansak til 1. gongs behandling* og andre plandokument på nettsida vår for meir informasjon.

Utsnitt av plankartet er vist på baksida av brevet. Plandokumenta og sakspapira er tilgjengeleg på kommunen si heimeside i **perioden 13.06.2024 til 22.08.2024: alesund.kommune.no > Kunngjering og høyring (nedst på sida) > [Kunngjering av areal- og reguleringsplanar](#)**
Frå kunngjeringa kan du også gå vidare til digitalt plankart på kommunen sin kartportal.

Merknadsfrist

Dersom du har merknadar til planen, kan du sende dei på e-post til postmottak@alesund.kommune.no eller per brev til: Ålesund kommune, Plan og bygning, postboks 1521, 6025 Ålesund **innan 22.08.2024**.

Vidare saksgang

Sender du inn merknad, får du ikkje noko eige svarbrev. Merknaden blir kort referert og kommentert i saksframlegget når saka blir lagd fram for utvalet til 2. gongs behandling og eventuelt sendt over til kommunestyret ved sluttbehandling. Melding om vedtatt reguleringsplan blir annonsert og alle partar saka vedkjem, inklusive dei som har sendt inn merknadar, får skriftleg melding.

Med helsing

Birgit Fylling
planleggar
Plan og bygning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

